

# Eigenbetaling for opphold i institusjon

2009



I denne brosjyren får  
du nærare informasjon  
om reglane for eigen-  
betaling ved opphold i  
insitusjon



**RADØY**

den grønne øya

For opphald i alders- og sjukeheim m.v. skal det reknast eigenbetaling av alle som har fått tildelt plass i sjukeheim.

Eigenbetalinga er regulert i «Forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v.» fastsett av Sosial- og helsedepartementet.

## Dag- og korttidsopphald

Betaling for dagopphald: Kr 61,- pr. dag  
Betaling for korttidsopphald inntil 60 døgn pr. kalenderår: Kr 121,- pr døgn  
Ved korttidsopphald utover 60 døgn pr. kalenderår, vert det å betale som for langtidsopphald, men det vert då ingen friperiode.

## Langtidsopphald

Ved langtidsopphald skal det ikkje betalast vederlag for første månad, rekna frå innflyttingsdato. Dette sikrar bebuar ein månads betalingsfritak.

Dersom bebuar flyttar direkte frå annen institusjon, herunder sjukehus, skal denne tida for opphald reknast med. Det same gjeld korttidsopphald ut over 60 døgn i kalenderåret. Det vert då ingen friperiode.

Eigenbetaling vert rekna etter at skatt og dokumenterte betalte gjeldsrenter er trekt ifrå.

Eigenbetaling vert rekna utifrå følgjande inntekter:

- Pensjon frå folketrygda
- Andre pensjonsordningar
- Arbeidsinntekt
- Næringsinntekt
- Leigeinntekt av eigen bustad/næring
- Renter og anna avkastning av formue

Dersom bebuar sit i uskifta bu, skal eigenbetalinga reknast av halvparten av dei totale kapitalinntektene.

## Langtidsopphald - utrekning av vederlag

- Av inntekt inntil grunnbeløpet i Folketrygda (for tida kr 72.881 for året) fråtrekt eit fribeløp på kr 6.200 pr år skal det betalast 75 % i vederlag.  
Kr 72.881 - kr 6.200 = kr 66.681 x 75 % = kr 50.011 pr år.  
Tala er rekna pr 1. mai 2009.
- Av alle andre inntekter utover grunnbeløpet i Folketrygda skal det betalast 85 % etter at betalt skatt er trekt frå.
- Det er spesielle reglar for krigspensjonistar. Dei er garantert å behalde 37 % av full krigspensjon, minus mogeleg skatt.

Kommunen vil melde frå til NAV om at det vert gjort trekk i pensjonen. Bebuar får så utbetalt det resterande, også kalla «lommepengar». Alle andre inntekter vil kommunen krevja inn sjølv. Dette vil verta gjort i samband med etteroppgjeret, eller ein kan avtale andre ordningar.

## Etteroppgjer i samband med skatteoppgjeret

For å få korrekt eigenbetaling vil det verte gjort eit etteroppgjer når skatteoppgjeret for det einskilde år ligg føre. Det vil då verte korrigert for rett skatt, pensjonar og kapitalinntekter, samt mogeleg næringsinntekt, arbeidsinntekt, leigeinntekt m.m., etter frådrag av skatt og mogelege gjeldsrenter.

Bebuar pliktar å betale inntil opphaldet opphører. Det vil då verte gjort eit etter/sluttoppgjer. Det er viktig å merke seg at dette kan ta tid (inntil 1,5 år) dersom vi ikkje mottek kopi av skatteoppgjer når dette er kjent for bebuar/pårørande/bustyrar.

## Viktig å merkje seg

Vi ber om at særskilt skjema vert sendt til Radøy kommune innan 14 dagar etter vedtak om tildelt langtidsopphald eller korttidsopphald utover 60 døgn er motteke.

### Postadresse

Radøy kommune

Krossvegen 8

5936 Manger

Dersom du treng ytterlegare informasjon, ta kontakt med med Sørvistorget. Her treff du personale som kan gje deg hjelp og rettleiing, eller vise deg til rett person.

**Tlf: 56 34 90 00**

e-post: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Sjå også kommunen sine heimesider på

**[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)**



**RADØY**  
den grønne øya